

## 50 kilometer, gangfelt og nytt busstur ved Korsnes?

30.01.2009



Eit nytt busstur bør koma ved busslomma til venstre på dette biletet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Korsnes Vel har ved fleire høve vendt seg til kommunen og påpeika behov for å utbetra trafikktilhøva med avkøyringa til riksvegen og no har saksbehandlar Ivar Kåre Døssland teke saka opp med Statens Vegvesen både muntleg og skriftleg..**



Blir det fartsgrense på 50 kilometer forbi Korsnes? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er viktig å få ei tryggare kryssing av riksvegen for fotgjengarar og å få sett opp eitt busstur til - ved busstomma på oppsida av vegen.

Statens Vegvesen har ved fleire høve gjort grundige registreringar/teljingar med tanke på etablering av fotgjengarovergang, men konklusjonen har vore at tilhøva ikkje ligg til rette for det. Fartsgrensa er no 60 kilometer og dette talar heller ikkje for etablering av overgang.

No ber Døssland Statens Vegvesen å vurdere om det kan vera aktuelt å forlenga 50-sona vidare nordover (mot Rosendal) slik at den godt dekkar avkøyringa til Korsnes. Hvis så skjer, ber han om at gangfelt vert vurdert på ny.

Når det så gjeld busstur er det i dag eitt eldre skur av betong i busstomma på bustadfelt-sida av riksvegen. Situasjonen er slik at skuleungane og reisande ellers oppheld seg i dette, for så å storma diagonalt over riksvegen for å nå bussen når den stoppar i busstomma på motsatt side. Bussturet vert altså nytta for begge busstommar.

Busstomma som manglar busstur var ny saman med gang- og sykkelvegen og det hadde vore naturleg at skuret hadde vore på plass allereie då, held Døssland fram.

Difor bed han om at eit busstur på denne staden må få høg prioritet . På denne måten vil ein luka bort ei farleg trafikkfelle og det vil vera til nytte og glede for mange bussreisande, understrekar Ivar Kåre Døssland.

Av Ola Matti Mathisen